



Alver kommune
Havnevegen 4
5918 FREKHAUG
post@alver.kommune.no

2. mars 2020

**Gnr. 427 i Alver kommune (tidlegare gnr. 27 i Radøy) bnr. 12.
FLØHOLMEN AS.
Flytebryggje i småbåthamn.
Ny søknad (nr. 2) om rammeløyve.
Dispensasjon frå kommuneplanens byggjegrænse i sjø.
Tilleggsopplysningar.**

Ein viser til kommunens mangelbrev av 25. 02. 2020, ref 20/335 - 20/9157 (vedlagt, til orientering for kopiadressatane).

Utfyllande opplysningar :

1. Grunngeving

Det er søkt om dispensasjon frå kommuneplanens byggjegrænse i sjø av di kommunen (Radøy) under denne føresetnad lova å leggja saka fram for politisk handsaming – underforstått : med tilhøyrande kommunal saksutgreiing som avklarar korleis kommuneplanen skal vera å forstå på dette punktet. Sjå elles punkt 3 nedafor.

2. Nabovarsling

Nabo Beate Myking har i epost av 3. januar 2020 (vedlagt) sett fram krav om at eg endrar tidlegare innsende dokument med opplysningar frå telefonsamtale. Dette er kommentert herifrå i vedlagde meldingar av 6. og 7. januar 2020.

Etter mitt skjønn er eposten av 3. januar 2020 ikkje å oppfatta som ein merknad til det omsøkte. Dersom Beate og Anita Myking likevel ønskjer påstanden offentleggjord vil eg be om at dei gjev kommunen melding om dette.

Meldinga frå Beate Myking av 3. januar 2020 dokumenterer at nabovarsel (kopi av søknadsbrevet til kommunen, med alle vedlegg) er motteke og gjennomgått.

Dersom kommunen finn det nødvendig, kan eg også i tillegg varsle dei same to (og einaste) naboane digitalt via Altinn gjennom e-torget (Norkart) eller Ambita Infoland.

3. Plassering

Det no (i rammesøknad nr. 2) omsøkte tiltaket er ei 96 m lang og 2,5 m brei flytebryggje, illustrert med båtar i varierende storleik, mellom utliggjarar. Det vert søkt om rammeløyve, dvs. at ansvarleg detaljprosjekterande/utførande/leverandør må søkja om igangsettingsløyve.

Teikningane vedlagt søknaden er konstruerte digitalt på offentlig digitalt kartunderlag i EUREF-koordinatar.

Tiltaksplanen er den same som vart lagt til grunn for rammesøknad nr. 1 i 2009 og for reguleringsframlegget i 2011 : Eit småbåtanlegg tilknytta eit etablert industrianlegg med rom for vedlikehald og vinterlagring.

Det vart gjeve rammeløyve for alle omsøkte tiltak i 2009 – unnateke flytebryggja av di sjøarealet ikkje vart avsett til føremålet (småbåthamn) før ved kommuneplan-revisjonen i 2011.

Tiltaksplanen vart første gong presentert for Radøy kommune i førehandskonferanse 2. mars 2009, med positive tilbakemelding.


I dei 11 etterfølgjande åra har den planlagde plasseringa av flytebryggja – etter det eg kjenner til - aldri vore kritisert eller omtvista i det offentlege rommet.

Byggjereguleringstreken i kommuneplanen kan likevel vera uttrykk for ei uoffisiell oppfatning eller privat ønskje om at flytebryggja skal plasserast innafør denne omramminga.

Men tilflotet til den eksisterande industrikaien kan på noverande tidspunkt ikkje blokkerast, heller ikkje tilflotet til den om lag 50 meter lange strandlina tilhøyrande nabo i austre delen av arealet avsett til småbåthamn i kommuneplanen.

Den samla tiltaksplanen med den no rammeomsøkte flytebryggja er vist i vedlagte plott, med tilsend situasjonsplan og kommuneplan som underlag, påført målestav.

Med helsing



Vedlegg :

Kommunens mangelbrev av 25. 02. 2020, ref 20/335 - 20/9157

Epost frå Beate Myking 02. 01. 2020

Epost til Beate Myking 03. 01. 2020

Epost til Beate Myking 07. 01. 2020, med vedlegg

Samla tiltaksmodell

Samla tiltaksmodell, med kommunalt situasjonskart under

Samla tiltaksmodell, med kommuneplan under

Kopi :

Håkon Zakariassen post@floholmen.no

Beate Myking beate.myking@gmail.com

Anita Myking am@studiosigdal-bergen.no